

Bruk refleks!

Nå begynner det å bli mørkt ute, både på morgon og kveld. Minner alle om på bruke refleksvest eller festa refleks på klede, slik at de er meir synlege i trafikken. Me har ingen å mista!

FAU/SU:


(Referata finn de på heimesida vår.)

Felles FAU møte med Vikeså 18.11, på Bjerkreims skule.

Me delar oss etterpå.

Maskorama

28.november går startskotet for Bjerkreim skule Maskorama. I fem veker skal elevane gjetta på kven som skjular seg bak maska, og stemma på kven dei vil ha med vidare.



LOKOM - Samlinga «Jakten på den gode lesestrategien»

Tysdag denne veka deltok to elevar frå 4.trinn saman med Mona og Charlotte på LOKOM-samling i Egersund Arena. Her møttest fleire skuler for å visa fram korleis dei arbeidar med lesing. Me fekk mange gode tips som me skal ta med oss vidare på elevråd og fellestid. Lesing er viktig, og det gjeld i alle fag! Me er stolte over elevane våre som representerte skulen vår på ein god måte, og ga andre skular gode tips til leseprosjekt 😊



Friskus:

Lurer du på kva for fritidsaktivitetar elevane kan vere med på?

Gå inn på: [Friskus Bjerkreim](#)

Friskus er ei samleside for ulike aktivitetar og arrangement i Bjerkreim kommune.

Fritidsstøtte

I Bjerkreim kommune kan du søka om fritidsstøtte. Dette er ei støtteordning for barnefamiliar som treng økonomisk hjelp for å delta på ein aktivitet på fritida. Søknad finn du [her](#)

Hei alle saman,

Då er me alt snart i november. Oktober inneheldt mykje læring, lek inne og ute, turar, og nasjonale prøvar. Lesegleda har vore på topp med skrekkbingo og premier i oktober. Me ser at dette har gitt engasjerte elevar, og økt leselysten.

November byr endeleg på Saman for meistring-timen på tvers av klassane. Her vil elevane vere på ulike grupper med aktivitetar som musikk, brodering, fotballturnering, frileik og sjakk. Desse timane er kjekke, inkluderande og me ser at gode samband knytast på tvers av klassane.

Me minner til slutt om at elevane har fri 13. og 14.november grunna planleggingsdagar.

Ynskjer alle ein fin novembermånad!

Helsing Marianne og Charlotte v/ leiinga Bjerkreim Skule

